

KUNSTBYGDA BALESTRAND

ÅRSRAPPORT 2025

Kunstbygda Balestrand AS er eit selskap med hovudføremål å styrkje Balestrand og Sogn sin posisjon som ei levande plass for kunst no og i framtida. Selskapet er non-profit og skal bidra til at kunst og andre kulturuttrykk blir ein viktig utviklingsfaktor i heile regionen.



PROSJEKTER 2025

PROSJEKTENE HAR GENERET INNTEKT FOR KUNSTNARAR PÅ = 188 399 kr
Prosjekta si budsjettramme = tilskot + eigeninnsats/dugnadstimar

NORTURAVEGGEN
VEGGMALERI OG SILKETRYKK

KREATIV LESING
BALESTRAND BIBLIOTEK

FANTASI I SKOGEN
KREKLINGEN NATURSTI

KREATIVT SOGN
ARTIST IN RESIDENCE

KUNSTSPIREN 2000
KUNST AKTIVITET FOR BARN

HANS DHAL
FOTO AV VERK TIL BOK

NORTURAVEGGEN

UTSMYKKING AV FASADE PÅ NORTURA-FABRIKKEN I SOGNDAL.

EIT PROSJEKT OM AUKA MEDVIT OM INKLUDERING, MANGFALD, TOLERANSE OG STEDSIDENTITET. MÅLERIET ER NUMMER TO I REKKA PÅ VEGGEN.



MÅLSETJING

Vidareføre og vidareutvikle kunst på Nortura-veggen som ein årleg tradisjon med fokus på mangfald, inkludering og lokal forankring.

Utsmykkinga skal ta utgangspunkt i tematikken, utan å vere direkte knytt til historia om Arve Beheim Karlsen, sjølv om dette er eit viktig bakteppe.

Prosjektet skal styrkje staden si identitet og bidra til eit meir ope og medvite lokalsamfunn gjennom møtet mellom kunst og folk.

Inkludering av lokal ungdom er ein sentral del av arbeidet.

ØKONOMI

BUDSJETTRAMME PÅ 395 000 KR

SPONSORAR:

Sparebanken Norge
Sogndal Jubileumsfond
Christine Leigh legat
Fargerike Sogndal
Pilar Stillas AS
Nortura

SAMARBEIDSPARTNAR:

Kunstrådet i Sogndal, Sogndal VGS,
Ungdomsklubben Balestrand, Nortura
Sogndal

RESULTAT

Eit veggmaleri på 4 × 8 meter på fasaden av Nortura-bygget i Sogndal, plassert to panel fra fjorårets verk.

Samtalar med ungdom for å hente innspel til utforminga av kunstverket.

Workshop i silketrykk for elevar ved Sogndal vidaregåande skule i veke 45.

Dokumentasjon av prosessen gjennom bilete, tekst og rapport.

Montering av lys på både årets og fjorårets veggmaleri for å sikre synlegheit gjennom heile året.

Printing, innramming og oppheng av kunstverka på Sogndal vidaregåande skule.

KUNSTNAR

Anette Moi



HANS DAHL - FOTO AV VERK TIL BOK

KUNSTBYGDA BALESTRAND AS FIKK FORESPØRSEL FRÅ SKALD OG FRODE SKAG STORHEIM OM Å BIDRA MED FOTO AV DIVERSE HANS DAHL VERK SOM BEFINNER SEG I SOGN & FJORDANE. BILDANE BLEI BRUKT I DEN FINE BOKA OM HANS DAHL SOM BLEI UTGITT VÅREN 2025.



OPPDRAK

Bidra med 40+ foto til utgivelse av bok om Hans Dahl.

RESULTAT

Ein nydeleg bok som vi kan vere stolte av å ha fått vert ein del av.

ØKONOMI

BETALT OPPDRAG MED NOE EIGENINNSATS

SAMARBEIDSPARTNAR:

SKALD forlag

Frode Skag Storheim

GJENNOMFØRING

Februar/ mars 2025



KREATIV LESING

KUNST OG KREATIVITET HAR FÅTT NYTT LIV I BARNE- OG UNGDOMSSONA – OG I DET NYE HOBBYROMMET PÅ BIBLIOTEKET. FARGAR, TEKSTILAR OG KUNST PÅ VEGGANE SKAPER EIT MILJØ DER UNGE KAN UTFORSKE, LESE, SKAPE OG TENKJE FRITT. PROSJEKTET GIR ROM FOR KREATIVITET, FELLESSKAP OG NYE IDEAR PÅ BIBLIOTEKET I BALESTRAND.



MÅLSETJING

Bidra til å gjere biblioteket til ein attraktiv møteplass.

Gjere biblioteket til ein meir innbydande, funksjonell og inspirerande stad for barn og unge.

ØKONOMI

BUDSJETTRAMME PÅ 115 800 KR

SPONSORAR:

Astrid Høyvik Kunstfond for unge
Nesseplast
Balestrand Vekst
Accountor
Holmamat
Creative connections
Edge Møbler
Vik Farvehandel
XL-bygg Røyrvik Bygg

SAMARBEIDSPARTNAR:

Balestrand Bibliotek
Sogndal Kommune

RESULTAT

Ommøblering og ny organisering av romma.

Maling og fornying av eksisterande møblar.

Etablering av soner med golvteppe og gardiner.

Supplering med nye møblar (teiknebord og krakkar, sofaer, bord, hyller, lampar og knaggar).

Kunstverk som del av utsmykkinga.

KUNSTNARAR

Giuseppe Miconi
Egillustrerar
Sosialantenna
Mari Maleri



FANTASI I SKOGEN

KUNST OG NATUR SMELTAR SAMAN OG SKAPER EI STI SOM VEKKER FANTASI, NYSGJERRIGHEIT OG LEIK. ILLUSTRASJONAR, OPPGÅVER OG FARGERIKE STEINAR GIR BARNA NYE MÅTAR Å OPPDAGE SKOGEN PÅ, SOM EIT LEVANDE GALLERI MIDT I NATUREN. EI OPPLEVING SOM INSPIRERER BÅDE SMÅ OG STORE.



MÅLSETJING

Løfte naturstien slik at han blir ein meir inspirerende og engasjerande stad for alle som besøker han.

Gjere kunst offentleg tilgjengeleg og skape nye, sanselige opplevingar der natur og kunst spelar saman.

Styrkje samaspelet mellom skulen og naturstien, og legge til rette for læring ute.

RESULTAT

7 illustrasjonar på aluminiumskilt
7 oppgåver på treskilt
21 aluminiumsplansjar frå Norsk skogselskap

Fleire steinar med måla mottiv av skule elevar.

KUNSTNAR

Vilde Ylvisåker Førre har laga illustrasjonene og oppgåvene.

ØKONOMI

BUDSJETTRAMME PÅ 70 000 KR

SPONSORAR:
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

SAMARBEIDSPARTNAR:
Vener av balestrandfjella, Sagautn Skule og Sogndal Kommune



KREATIVT SOGN

VI HAR FÅTT I OPPGÅVE AV SOGNDAL KOMMUNE Å LAGE EI UTGREIING OM MOGLEGHEITENE FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM KUNSTNARRESIDENSAR. SOM EIN DEL AV DETTE INNGÅR NETTVERKSBYGGING, RAPPORTARBEID OG GJENNOMFØRING AV KUNSTNARRESIDENSAR.



MÅLSETJING

Kreativt Sogn skal bidra til å styrkje regionen som eit attraktivt område for kunstnarisk aktivitet.

Prosjektet skal involvere lokalbefolkninga og synleggjere kunst si rolle i stadutvikling.

RESULTAT

Prosjektet har ei tidsramme som strekkjer seg inn i 2026.

Førebels er det gjennomført to nettverks- og workshopdagar, éin i Luster og éin i Balestrand.

Resultatet vil vere ein levande rapport i form av ei nettside.

Det skal gjennomførast nii kunstnarresidensar i samarbeid med Luster Mikromakeri og Creative Connections Norway våren 2026.

ØKONOMI

Rammene for prosjektet er 300 000 kroner.

Prosjektet er bestilt av Sogndal kommune og er finansiert v dei.

INVOLVERTE ORGANISASJONAR

Luster Mikromakeri
Creative Connections Norway



KUNSTSPIREN

KUNSTBYGDA BIDREG INN I KUNSTSPIREN, ARRANGERT AV CREATIVE CONNECTIONS NORWAY. DETTE ER EIT GRATIS TILBOD FOR BARN I VINTERHALVÅRET, MED ULIKE KUNST- OG HANDVERKSSTASJONAR PÅ KUNSTFABRIKKEN.



MÅLSETJING

Auke tilbodet til barna i bygda.

Introdusere handverk, kreativitet og kunst for barn og unge.

Gje rom og fellesskap for skaparglede.

RESULTAT

3 gjennomførte kunstspirensøndagar.

ØKONOMI

Kunstbygda har bidrege med dugnadstimar og plakatar.





KREATIVITET OG MESTRING

KUNSTBYGDA HAR GJENNOM ÅRET SPONSA MÅLING TIL SAGATUN SKULE.
DENNE MÅLINGA BLIR BRUKT I KUNST- OG HANDVERKSUNDERVISNINGA, DER
ELEVANE MÅLAR VEGGMALERI PÅ SKULEVEGGANE.



MÅLSETJING

Bidra til å skape hyggelege og kreative omgivnader for barna på Sagatun skule.
Gje barna moglegheit til å forme sine egne omgivnader.

Auke målegleda ved å la dei lage store bilete og utfalde seg med veggen som lerret.

RESULTAT

Nye veggmaleri på skulen.

KUNSTNARAR

Elevar ved Sagatun Skule

ØKONOMI

Lågt budsjett med restemåling og innkjøp av nokre ekstra boksar med maling.
Inngår som en del av Nortura prosjektet.

TAKK

VI ER TAKKSAME FOR ALLE TILSKOT OG TENESTEKJØP
SOM GJER DET MOGLEG FOR OSS Å UTVIKLE
ORGANISASJONEN VIDARE. SPESIELL TAKK TIL:
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
SOGNDAL KOMMUNE
SOGN SPAREBANK

KONTAKT

DALEG LEIAR
PROSJEKTLEIAR

Silje Forbes
Helle Rabbås

E-POST
TLF.

post@kunstbygda.no
+47 48094585

NETTSIDE

Kunstbygda.no

